

Samtykkeerklæring

Skjemaet skal brukast for å samtykke i samband med at det skal opprettast verjemål. Dersom personen som har behov for verjemål, er samtykkekompetent, skal vedkommande samtykke i at det blir oppretta verjemål, i omfang av verjemålet og i val av verje. Det er ikkje krav om samtykke ved fråtaking av rettsleg handleevne, jf. lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) § 20 anna ledd. Samtykkeerklæringa kan og nyttast til å samtykke i at fylkesmannen forvaltar dei finansielle egedelane til vedkommande, jf. verjemålslova § 48 anna ledd.

Det er personen med behov for verjemål som sjølv sender inn skjemaet.

1 Person med behov for verjemål (eller endringar i eksisterande verjemål)

Fornamn:

Fødselsnummer:

Mellomnamn:

Etternamn:

Folkeregistrert adresse:

Postnummer:

Poststad:

Eventuelt noverande/anna adresse:

Postnummer:

Poststad:

2 Samtykke til å opprette eller endre verjemål

Når du samtykker til å opprette verjemål for deg, vil fylkesmannen kunne vedta at du får ei verje med fullmakt til å hjelpe deg i økonomiske og/eller personlege saker slik at interessene dine blir tatt hand om på best mogleg måte, sjå punkt 4.

Kva oppgåver verja skal ha, går fram av punkt 3 nedanfor. At det blir oppretta verjemål, inneber ikkje at du sjølv mistar retten til å handle og/eller disponere over dine egne midlar. Verja pliktar å høyre meininga di før det blir gjort større disposisjonar og også når dette elles er naturleg. Som hovudregel kan du trekkje tilbake samtykket til å opprette verjemål.

Eg gir mitt frivillige og informerte samtykke til at det blir oppretta verjemål etter verjemålslova § 20.

Eg endrar med dette det samtykket til verjemål som eg tidlegare har gitt.

Eg trekkjer med dette tilbake samtykket til verjemål som eg tidlegare har gitt.

3 Samtykke til omfanget av verjemålet (eller endring i eksisterande mandat)

(Kva skal verja gjere?) jf. verjemålslova § 21, sjå § 25 andre ledd

Omfang av verjemål (fleire kryss er mogleg):

ta hand om dei personlege og økonomiske interessene for personen

ta hand om interessene på det økonomiske området for personen

<input type="checkbox"/> ta hand om interessene på det personlege området for personen	<input type="checkbox"/> separasjon/skilsmissebu	<input type="checkbox"/> utleige/oppseiing av bustad
<input type="checkbox"/> skifte av dødsbu	<input type="checkbox"/> utskrivning frå institusjon	<input type="checkbox"/> verje etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9
<input type="checkbox"/> rettssak	<input type="checkbox"/> anna (spesifiser nedanfor)	
<input type="checkbox"/> sal av bustad		
<input type="checkbox"/> verje etter anna lovgiving (til dømes abortlova, steriliseringslova, lov om forsvunne personar). Spesifiser nærare nedanfor.		

Her kan det spesifiserast nærare kva det trengst hjelp til:

Eg samtykker i at verjemålet blir gitt i det omfanget som er nemnt over.

4 Samtykke til val av verje, jf. verjemålslova § 25 (Er det ønskjeleg å få oppnemnt to verjer, kan begge feltane nyttast.)

Fornamn:	Fødselsnummer:
Mellomnamn:	
Etternamn:	
Adresse:	
Postnummer:	Poststad:

Eg samtykker i at personen nemnd over blir verja mi.

Fornamn:	Fødselsnummer:
Mellomnamn:	
Etternamn:	
Adresse:	
Postnummer:	Poststad:

Eg samtykker i at personen nemnd over blir verja mi.

5 Samtykke til forvaltning av finansielle eigedelar, jf. verjemålslova § 48 anna ledd

Om dei finansielle eigedelane som tilhøyrrer ein person med verje utgjer meir enn to gongar grunnbeløpet i folketrygda (2 G), skal eigedelane som hovudregel forvalta av fylkesmannen. Med finansielle eigedelar meiner ein bl.a. pengar og bankinnskott. Grunnen til at forvaltninga blir lagd til fylkesmannen, er at dette gir så sikker forvaltning som mogleg for deg. Før fylkesmannen kan ta over forvaltninga, må du likevel gi ditt samtykke. Verdiane det gjeld, skulle du elles ha forvalta sjølv, og du

kan når som helst trekkje dette samtykket tilbake.

Eg samtykker i at fylkesmannen forvaltar dei finansielle eigedelane mine etter verjemålslova § 48.

6 Underskrift

Med underskrifta samtykkjer eg i alle omstende som er huka av over

Dato:	Stad:	Underskrift frå personen med behov for verjemål:
-------	-------	--